



Arkiv: FA - F08
JournalpostID: 18/2991
Saksbehandlar: Elin Leikanger
Vedtaksdato: 26.02.2018

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
033/18	Kommunestyret	15.03.2018
005/18	Eid ungdomsråd	05.03.2018
005/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	05.03.2018
005/18	Eid Eldreråd	05.03.2018
011/18	Oppvekst- og kulturutvalet	07.03.2018

Frivilligpolitisk plattform 2018-2021 - godkjenning

Bakgrunn for saka:

Kommunen gjorde i januar 2017 avtale med Frivillighet Norge om støtte til kommunen sitt arbeid med å utvikle ein heilskapleg frivilligpolitikk. Målsetjinga er at kommunen skal medverke til ein aktiv og levande frivillig sektor. Dette er ein grunnleggjande verdi for eit inkluderande, helsebyggjande og levande lokalsamfunn.

Det er no utarbeidd eit framlegg til frivilligpolitisk plattform for Eid kommune, som vert lagt fram til politisk handsaming.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til Frivilligpolitisk plattform 2018-2021, datert 26.02.2018, vert godkjend.

Vedlegg i saka:

26.02.2018 Frivilligpolitisk plattform 2018 1371654

Eid ungdomsråd 05.03.2018:

Handsaming:

EUR- 005/18 Vedtak:

Framlegg til Frivilligpolitisk plattform 2018-2021, datert 26.02.2018, vert godkjend.

Eid Eldreråd 05.03.2018:

Handsaming:

1. Eldrerådet er positive til planen og påpeiker at frivilligsentralen er viktig i dette arbeidet.
2. Eldrerådet likar at livskvalitet og glede for eldre og sjuke er teke med i punkt 5.2 .
3. Innspel om å tilrettelegge\sette av eiga tid for eldre i symjehallen.

EER- 005/18 Vedtak:

Framlegg til Frivilligpolitisk plattform 2018-2021, datert 26.02.2018, vert teke til vitande.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.03.2018:

Handsaming:

ERF- 005/18 Vedtak:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer at punkt 5.3 i Frivillig politisk plattform kan vert nytta til å diskutere behovet mange lag og organisasjoner har til møteplass/lokaler og lagringsplass til utstyr.

Oppvekst- og kulturutvalet 07.03.2018:

Handsaming:

OK- 011/18 Vedtak:

Framlegg til Frivilligpolitisk plattform 2018-2021, datert 26.02.2018, vert godkjend.

Kommunestyret 15.03.2018:

Handsaming:

KS- 033/18 Vedtak:

Framlegg til Frivilligpolitisk plattform 2018-2021, datert 26.02.2018, vert godkjend.

Saksopplysningar:

Vedlagd framlegg til frivilligpolitisk plattform er utarbeidd etter følgjande prosess:

- Innspel frå møte med frivillige organisasjonar 25.01.2017
- Innspel frå møte i kommunestyret 26.01.2017

Frivillighet Norge deltok i fasilitering av begge desse møta. Administrasjonen utarbeidde deretter eit første framlegg til plattform, som vart drøfta på årssamlinga til frivilligsentralen i 2017. Framlegget var deretter tema på møte med frivillige organisasjonar 22.01.2018. Etter denne samlinga vart det utarbeidd eit nytt utkast. Dette vart lagt ut til høyring på kommunen si heimeside og facebook. Frist for merknader var sett til 20.02.2018. Etter høyringa har det berre kome uttale frå Stiftinga Eid Frivilligsentral:

a. Generelt

Den frivilligpolitiske plattformen har no fått ei fin, ryddig og kortfatta form.

- b. **Vedk. 2. Hovudprinsipp.** Dette avsnittet må starte med det mest grunnleggjande prinsippet av alle: **«Frivillig arbeid lever av lyst og døyr av tvang.»**

Dette dannar grunnlaget for alt det andre som står i avsnitt 2.

c. Under 5.1. kulepunkt 2 ønskjer vi eit tillegg:

- Det skal kvart år haldast kurs i bruk av tilskotsportalen og i bruk av rekrutteringsportalen frivillig.no.

I tillegg til økonomi, er medlemsrekruttering/frivilligrekruttering ei av utfordringane dei frivillige dreg fram (innspelsmøtet 2017). Her er frivillig.no eit svært effektivt verkty som er gratis å bruke.

d. Under 5.1. kulepunkt 4 ønskjer vi ei ekstra setning: «Sak om reduksjon/fjerning av leigesatsar i andre kommunale bygg og idrettsanlegg skal setjast på dagsorden.» Grunngeving: På innspelsmøte med lag og organisasjonar både i 2017 og i 2018 har dette vore trekt fram som ei av dei viktigaste sakene sak for dei frivillige organisasjonane. Då er det berre rett og rimelig at dette vert teke på alvor og at diskusjonen vert sett på dagsorden. Det er også viktig at kommunen og dei frivillige arbeider side om side med denne saka for å kome fram til den beste konklusjonen.

e. Under 5.2. kjem vi med framlegg til to nye kulepunkt:

- Enkle retningslinjer for korleis kommunetilsette møter/samhandlar med frivillige skal lagast, og vert ein del av dei tilsette i Eid kommune si opplæring.
- For å skape eit tettare samarbeid mellom frivillige og avdelingane/institusjonane i Eid kommune, bør avdelingane/institusjonane lage ein plan for kva aktivitetar som høver for den

spesifikke avdelinga/institusjonen og som frivillige kan bidra med.

f. Til sist har vi ein kommentar til 5.3. kulepunkt 4:

Her må Eid kommune vere litt ryddigare i teksten:

Eid ungdomsråd, Eid råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eid eldreråd er politiske utval.

Eid Idrettsråd og liknande paraplyorganisasjonar er samanslutningar av frivillige organisasjonar.

At alle desse kan fungere som bindeledd til frivillige, lag og organisasjonar innanfor sitt virkefelt er heilt greitt, men det er viktig å ha eit tydelig skilje mellom kva som her er politisk valt og kva som er reine frivillige samanslutningar.

Vurdering:

Alle innspel er lagt inn i vedlagd utkast til plattform, og merka med raud tekst. Alle framlegg vert vurdert som gode og positive, men gjennomføringa kan ta tid.

Vedkomande pkt 5.3 kulepunkt 4 ser vi at denne kan mistydast. Her står følgjande: «*Nytte Eid ungdomsråd, Eid råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Eid eldreråd, Eid Idrettsråd og liknande paraplyorganisasjonar som bindeledd til frivillige, lag og organisasjonar.*»

Eid ungdomsråd, Eid råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eid eldreråd er ikkje politiske utval, men rådgjevande organ. Det går fram av eldrelova § 3 at «Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen (forts)...Eldrerådet skal ha til handsaming alle saker som gjeld levkåra for eldre (forts)». Tilsvarande intensjon ligg i lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Ungdomsrådet har ikkje tilsvarande lovgrunnlag.

Råda er avhengig av godt samarbeid med frivillige organisasjonar om dei skal tene formålet sitt.

For å skilje betre mellom kommunale rådgjevande organ og frivillige organisasjonar vert kulepunkt 4 endra slik: «*Nytte Eid ungdomsråd, Eid råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Eid eldreråd, dessutan Eid Idrettsråd og liknande paraplyorganisasjonar som bindeledd til frivillige, lag og organisasjonar.*»

Økonomiske konsekvensar:

Gjennomføring av tiltak kan få økonomiske konsekvensar. Dette må vurderast i eigne saker.